

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
06.09.2023

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Gerd Solheim, Anne Dahle Austrheim, Edvard Bjerkestrand, Kine Lerøy, Toril Hordvik, Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Helge Dyrkolbotn, Stein Hugo Fykse

Varamedlemer:

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall:

Møtte ikkje:

Saker til førehaving:

F – 21/23 – F – 24/23

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 21/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:

Innkalling og saksliste 06.09.23 vart godkjent.

F – 22/23 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Toril Hordvik og Bjørn Helge Olsen

F – 18/23 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 07.06.2023

Vedtak:

Møteboka frå 07.06.23 vart godkjent utan merknader.

F – 24/23 ORIENTERINGAR

- Økonomi:
 - Uventa reguleringspremie KLP
Kommentar i møtet: Då kommunen hadde ansvaret vart auka pensjonsutgifter lagt inn i berekninga til neste års budsjett.
 - Rokering av midlar på soknet sine kontoar.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
06.09.2023

Tilstades på møtet

Medlemmer: Gerd Solheim, Anne Dahle Austrheim, Edvard Bjerkestrand, Kine Lerøy, Toril Hordvik, Bjørn Helge Olsen, Inger Synnevåg, Helge Dyrkolbotn, Stein Hugo Fykse

Varamedlemmer:

Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland, Hege Ramsland.

Desse hadde meldt forfall:

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 09/23 – S - 11/23

Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 09/23 ORIENTERINGAR

- Praktisk gjennomføring av kyrkjevalet
- Innsetjing av ny sokneprest 17.september – med kyrkjekaffi.
Sagt i møtet: Jostein og Amelie kan eventuelt bidra. Informasjon om innsetjingsgudstenesta må ut snarast.

S - 10/23 OPPNEMNING AV STEMMESTYRER TIL KYRKJEVALET

Vedtak:

Austrheim sokneråd oppnemner med heimel i kyrkjevalsreglane § 4-2 følgjande personar til stemestyra for Årås/Austrheimkrinsen og Kaland krins:

Stemmestyrene vel sjølv leiar.

Årås/Austrheimkrinsen:

- ***Lilly Sætre***
- ***Jorunn Kårdal***
- ***Tove Daae***

Kalandkrinsen:

- ***Bjarne eller Svanhild Neteland***
- ***Bodil Monslaup***
- ***Inger Synnevåg***

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd oppnemner med heimel i kyrkjevalsreglane § 4-2 følgjande personar til stemestyra for Årås/Austrheimkrinsen og Kaland krins:

Årås/Austrheimkrinsen:

- ***Lilly Sætre***
- ***Jorunn Kårdal***
- ***Tove Daae (leiar)***

Kalandkrinsen:

- ***Bjarne eller Svanhild Neteland***
- ***Bodil Monslaup (leiar)***
- ***Inger Synnevåg***

Bakgrunn:

Kyrkjevalet valdagen 11.september, skal vera i nærleiken av plasseringa til kommunevalet og opningstida skal vera den same som ved kommunevalet, mellom kl 14.00 og kl 21.00.

Kyrkjevalet vil gå føre seg på Kaland Skule for Kalandkrinsen og på Ungdommens hus/Austrheimhallen for Årås/Austrheimkrinsen.

Ifølgje forskrifta for kyrkjevalet (kyrkjevensreglane) § 4 -2, vert stemmestyra oppnemnt av valstyret, som er soknerådet. Kvart stemmestyre skal ha ein leiar. Det er naturleg at leiar for stemmestyret vert med på oppteljinga. Kyrkjekontoret sin stab er også med på oppteljinga.

Ifølgje forskrifta for kyrkjevalet § 11- 4, kan ikkje ein kandidat som står oppført på lista til soknerådsvalet delta på oppteljinga etterpå. Det er naturleg at ingen av kandidatane då heller skal vera leiar for eit stemmestyre.

Følgjande personar har takka ja til å vera med i stemmestyra for kyrkjevalet:

Kalandkrinsen:

- Bjarne eller Svanhild Neteland
- Bodil Monslaup
- Inger Synnevåg.

Årås/Austrheimkrinsen:

- Lilly Sætre
- Jorunn Kårdal
- Tove Daae

Framlegg til leiarar av stemmestyra:

- Bodil Monslaup
- Tove Daae

S – 11/23

DRØFTINGSSAK OM SOKNET SINE SATSINGSOMRÅDE OG TILTAK (OPPFØLGJING)

Sagt i møtet:

- Mogeleg å søkja støtte for treffstader mellom barn og besteforeldre?
- Knøttekoret øver no om tirs dagar (flytta frå tors dagar for å unngå kollisjon med fotball).
- Informasjon: Kan vi følgja tettare opp informasjon på heimesida? Kan vi spørja om andre kan ha eit medansvar her (td Bjarne Neteland). Vi bør bli flinkare å bruka kommunen sin kalender. Vera meir aktiv på facebookside «Oppslagstavle for Austrheim». Dela innslag frå Kyrkjebakken i sosiale medier.
- Temakvelder: Kan Kjerringrokken ta ansvar for 2 temakvelder i året? (Leif Arne sender konkret spørsmål til Kjerringrokken) Veldig positivt med ein eigen temakveld med Frode B Sætre sist han var heime. Stein Hugo Fykse er også open for å kunna bidra som bibeltimhaldar, om det er ein ønskjeleg form. Inger + Gerd og Stein Hugo, tek ansvar for å leggja opp til temakvelder.

- Song/salmekvelder: Samarbeid med Fedje? Td ein Lina Sandell-kveld med forsongargruppa, Koaral, Ivar Mæland og Lisbeth Stuberg? Forsongargruppa kan utanom dette ha eit sjølvstendig ansvar for å arrangera salme/songkvelder.
- Temagudsteneste: noko liknande som gudstenesta i samarbeid med Knut Arild Haugland og band.
- Bygdatreffet: Kyrkja sitt innhald kan gjerne vera tema på eitt av treffa.

Bakgrunn:

Saka er ei oppfølgjingsak frå møtet i mai, der dette var behandla. Her er referatet frå denne saka i mai møtet:

(S – 05/23 GODKJENNING AV SOKNET SINE SATSINGSOMRÅDE)

Framlegg til vedtak:

Følgjande satsingsområde, fordelt på 3 ulike delområde, vert godkjent av Austrheim sokneråd på følgjande måte:

*Delområde 1: **Tiltak barn og unge 0 – 25 år:***

- *Etablering av knøttekor*
- *Arrangera treffstader for barn og bestforeldre*

*Delområde 2: **Diakoni:***

- *Føra vidare og utvikla bygdetreffet*
- *Temakvelder med kveldsmat*

*Delområde 3: **Song og musikk:***

- *Arrangera salmekvelder, allsongtreff og gospelkveld.*
- *Meir samarbeid med kulturskule/songlag/seniorkor og likande.*

Tiltaka bør evaluerast. Tiltaka vil kunna danne grunnlag for å formulera og arbeida med soknet sine målsetjngar.

Sagt i møtet: Det vert jobba med målformuleringar i forhold til kvart enkelt delområde i etterkant av dette møtet. AU arbeider inn målformuleringar i vedtaket.

Tiltaka er avhengige av friviljuge for at dei kan realiserast. Staben vil ha liten kapasitet for å drifta desse tiltaka sjølv.

Når det gjeld tiltaket knøttekor til dømes, må ein ha eit langsiktig perspektiv. Det er det same knøttekoret som om nokre år kan bli eit livskraftig ungdomsarbeid.

Vedtak:

Overordna mål:

«Vera ei kyrkje som tek vare på menneske, skaper fellesskap og gjev plass til dei store spørsmåla.»

Følgjande satsingsområde, fordelt på 3 ulike delområde, vert godkjent av Austrheim sokneråd på følgjande måte:

Delområde 1: Tiltak barn og unge 0 – 25 år:

Delmålsetjing: «Fremja tilhøyrsløse til kyrkja for barn og unge, og at kyrkja skal vera ein viktig og trygg møteplass. Gjera borna kjent med bibelforteljingane, gje dei ei trygg og varig barnetru.»

- Etablering av knøttekor
- Arrangera treffstader for barn og bestforeldre

Delområde 2: Diakoni:

Delmålsetjing: «Vi vil vera ei open og inkluderande kyrkje for folk i alle aldrar.»

- Føra vidare og utvikla bygdetreffet
- Temakveldar med kveldsmat

Delområde 3: Song og musikk:

Delmålsetjing: «Austrheimkyrkja skal vera ein arena for barn, unge og vaksne, og vi skal bruke song og musikk for å fleire til å gå i kyrkja.»

- Arrangera salmekveldar, allsongtreff og gospelkveld.
- Meir samarbeid med kulturskule/songlag/seniorkor og likande.

Tiltaka bør evaluerast. Tiltaka vil kunna danne grunnlag for å formulera og arbeida med soknet sine målsetjingar. Dei andre tiltaka som kom fram i denne prosessen må vera med vidare, men då som bakanforleggjande opplysningar som vert trekt fram ved neste evaluering.